



# Forvaltnings- revisjonsrapport

**Forvaltningsrevisjon av tekniske tenester**  
Aurland kommune

26. september 2022

[www.kpmg.no](http://www.kpmg.no)





# Samandrag

Denne forvaltningsrevisjonen av teknisk etat har i all hovudsak tatt føre seg offentlege anskaffingar og avtaler. Forvaltningsrevisor har gått gjennom eit omfattande sett med dokumenter. Det har vært endringar og meldingar undervegs som har ført til at forvaltningsrevisor har måtta kontinuerleg endre oppsett for gjennomføring og tilpasse undersøkingane i tråd med ønska frå kontrollutvalet. Vi meiner denne rapporten svarar ut dei endelege rammene for forvaltningsrevisjonen.

Det overordna inntrykket frå forvaltningsrevisjonen er at Aurland kommune gjer eit godt arbeid med investeringar og offentlege anskaffingar i teknisk eining. Det er inga tvil om at prosjektstyringa og gjennomføringa av anskaffingane er på eit høgt nivå. Det er viktig å få frem òg for forvaltningsrevisor at det er tale om ein kommune som er frampå på dette feltet.

Undersøkingane til forvaltningsrevisor syner likevel at det er forbetningsområde i kommunen. Ved gjennomgang av om utbetlingane i eininga er knytt til gjeldande avtale syner at kommunen kan forbetre kontrollen.

Under følger våre vurderingar og anbefalingar

## Etterleving av reglement

Forvaltningsrevisor har vurdert reglementa og praksis i kommunen opp mot beste praksis for styring av investeringar i offentlig sektor. Vi har mellom anna sett til erfaring med tilsvarende system i andre kommunar og erfaring vi har med tilsvarende undersøkingar i kommunesektoren.

Det er forvaltningsrevisor sin vurdering at kommunen har eit moderne og godt reglement for styring av investeringar. Basert på forvaltningsrevisor sin erfaring er det i forkant av kva ein ser i mange andre, samanliknbare kommunar i Noreg i dag.

Det er likevel forvaltningsrevisor sin vurdering at kommunen ikkje bør omtale «Rådmann» og «Kommunedirektør» om kvarandre i styringsdokumenta. Vi oppfattar dette som forvirrande og meiner kommunen bør halde seg med den eine eller den andre tittelen. Mest hensiktsmessig vil det vere om ein i både stillinga og reglementa nyttar same omgrep.

Det er forvaltningsrevisor sin vurdering at praksis som er skildra av administrasjonen synes å bekrefte etterleving av reglementa kommunen har. Som ein vil sjå i kapitla under er det også dokumentasjon i dei einskilde prosjekta som syner at administrasjonen følger opp styringsdokumenta kommunestyret har vedtatt.

## Prosjektrapportering og kvalitetssikring

Forvaltningsrevisor har vurdert problemstilling to og fire i høve dei dokumenta som er lagt frem og informasjon vi har fått i intervju. Vi har vurdert om det er samsvar mellom krava kommunestyret har stilt og praksis i eininga. Vi har vurdert om det i høve vår erfaring frå tilsvarende undersøkingar er gjort eit tilstrekkeleg arbeide for å sikre kvaliteten i leveransane. På grunn av endringar i prosjektplanen undervegs er ikkje problemstilling fem vurdert.

Det er forvaltningsrevisor sin vurdering at kommunen har eit godt system for oppfølging og rapportering i prosjekta. Informasjon som kommunen treng om prosjekta synes å kome frem til rett stad i kommunen og det er sporbare liner gjennom heile rapporteringa.

Det er forvaltningsrevisor sin vurdering at kommunen har eit godt system for kvalitetssikring av leveransane til kommunen frå planlegging til levering.

Det er forvaltningsrevisor sin vurdering at systemet som kommunen har for rapportering og kvalitetssikring blir etterlevd i praksis av administrasjonen.

## Offentlege anskaffingar

Forvaltningsrevisor har vurdert avtalane som eksisterer opp mot føremålet om konkurranse i konkurranselovgevinga. Vi har òg syna til krava til internkontroll i kommunelova. I vurderingane har vi sett på alle dei aktuelle avtalene i lys av dette. Vi har òg undersøkt om det er nytta rett heimel for val av anskaffingsmetode i dei høva vi har undersøkt den einskilde anskaffinga.

Det er forvaltningsrevisor sin vurdering at kommunen sitt system for oppfølging av avtaler generelt bør forbetrast for å sikre at kommunen oppfylle kravet i anskaffingslova § 4 om å opptre i samsvar med grunnleggjande prinsipp om konkurranse og krava i kommunelova § 25-1 første ledd om kommunens internkontroll.

Det er forvaltningsrevisor sin vurdering at avtalen om grunnkurs for deltidstilsette brannmenn ikkje er i strid med anskaffingsregelverket og at det var i samsvar med innkjøpsstrategien til kommunen å nytte ein lokal leverandør når det låt seg gjere.

Det er forvaltningsrevisor sin vurdering at konkurransen om kontrakt knytt til VVA-anlegg for Ty bustadfelt er fell korrekt inn under definisjonen av drikkevatt i forsyningsforskrifta § 1-5 og at det er nytt riktig framgangsmåte for gjennomføring av konkurransen.

Det er vidare forvaltningsrevisor sin vurdering at anbudsprosessen tilknytt Ty bustadfelt har skjedd i samsvar med krava om offentlege anskaffingar. Forvaltningsrevisor vil likevel peike på at det kan hindre den frie konkurransen å krevje at leverandørane tidligare har vist gjennomføringsevne og kapasitet i kommunen for å i det heile tatt kunne delta i konkurransen. Det vil vere mogleg å stille dei same krava om både gjennomføringsevne og kapasitet, samt sentral godkjenning for området innan VA i ein offentlig anbudsprosess. Det er òg mogleg å ha ein anbudsprosess med førehandsgodkjenning av leverandørane.

Det er forvaltningsrevisor sin vurdering at grønt-avtalen er prolongert lenger enn det var rom for i avtalen og lenger enn det var rom for i forskrift til offentleglova i dag. Då avtalen er frå 2006 er den eldre enn både dagens og førre forskrift om offentlege anskaffingar. Hovudregelen om å unngå rammeavtalar på meir enn fire år var ny i forskrifta av 2006, og denne tok til å gjelde frå 1. januar 2007. Då avtalen gikk ut i 2013 gjaldt likevel forskrifta frå 2006 og kommunen burde då ha gjennomført nytt anbud.

Det er forvaltningsrevisor sin vurdering at kommunen burde identifisert at dei to prolongerte avtalane frå stikkprøvekontrollen ikkje burde vert prolongert. Med dagens tekniske løysingar er det mogleg å identifisere dette både i rekneskapssystema og i eigne kontraktsoppfølgingssystem.

## Anbefalingar

På bakgrunn av funn og vurderingar i forvaltningsrevisjonen anbefaler vi Aurland kommune å:

1. Gjennomgå eksisterande avtalar for å identifisere kva som må fornyast.
2. Innføre eit system for å lenke utbetalingar med kontraktar i økonomisystemet for å automatisk stoppe utbetalingar på kontraktar som er gått ut.

# Innhold

<b>1. Innleiing</b>	<b>6</b>
1.1 Problemstillingar	6
1.2 Revisjonskriterier	7
1.3 Metode	7
<b>2. Etterleving av reglement</b>	<b>9</b>
2.1 Problemstillingar	9
2.2 Revisjonskriterier	9
2.3 Reglementa	9
2.4 Praksis	12
2.5 Vurderingar	13
<b>3. Prosjektrapportering og kvalitetssikring</b>	<b>14</b>
3.1 Problemstillingar	14
3.2 Revisjonskriterier	14
3.3 Dokumentasjon	15
3.4 Praksis	15
3.5 Vurdering	16
<b>4. Offentlege anskaffingar</b>	<b>17</b>
4.1 Problemstillingar	17
4.2 Revisjonskriterier	17
4.3 Saksgjennomgang	17
4.4 Praksis	19
4.5 Vurderingar	19
<b>5. Anbefalingar</b>	<b>21</b>
<b>6. Kommunedirektørens fråsegn</b>	<b>22</b>
<b>Vedlegg 1: Dokumentliste</b>	<b>23</b>

# 1. Innleiing

Kontrollutvalet vedtok i sak 21/2021 å tinge prosjektplan om forvaltningsrevisjon av tekniske tenester i kommunen under føresetnad av budsjettløyving. KPMG fekk 7. januar 2022 beskjed frå sekretariatet om å setje i gong arbeidet med planlegging av forvaltningsrevisjon og leverte forslag til plan til Kontrollutvalet 24. januar 2022. Denne vart handsama i Kontrollutvalet 8. februar og KPMG sette i gong forvaltningsrevisjon med bakgrunn i prosjektplanen og innspela som kom frå Kontrollutvalet i møtet. Det var syna til ein anskaffing frå kontrollutvalet som forvaltningsrevisor blei bedd om å undersøke i høve forvaltningsrevisjonen. Denne er syna til i kapittel 4.3.1.

Startsbrev blei sendt til kommunedirektøren 1. mars 2022.

Kontrollutvalet handsama i møte 19. mai 2022 ei drøftingssak der det blei gjort følgande vedtak (sak 5/22):

*Kontrollutvalet viser til møtebok frå formannskapet 24.03.2022 og referatsak om Ty bustadfelt:*

*Spørsmål frå Per Are Flåm til referatsak 9: Kvifor er det valt denne måten å lyse ut utbygging av Ty bustadfelt med ingen invitasjon til lokale firma? Svar frå rådmannen: Utlysing er gjennomført i henhold til forsyningsforskrifta.*

*Kontrollutvalet viser til rådmannen sitt svar på spørsmål knytt til Ty bustadfelt. Kontrollutvalet ber om at forvaltningsrevisor vurderer å undersøke opplysningane om denne utlysinga nærare i sin forvaltningsrevisjon som pågår no. Dette vedtaket blir oversendt til forvaltningsrevisor.*

Fokuset for forvaltningsrevisjonen blei då justert 23. mai 2022 i samsvar med det vedtaket.

Kontrollutvalet hadde igjen møte 7. juni 2022 der det i sak 9/22 blei gjort følgande vedtak:

*Kontrollutvalet tek orienteringa om grøntavtalen til vitande. Kontrollutvalet ber forvaltningsrevisor om å ei vurdering av om avtalen med Mesta i heile avtaleperioden oppfyller innkjøpsreglane.*

[...]

Forvaltningsrevisor blei gjort merksam på vedtaket etter å ha blitt ringt opp av sekretæren til kontrollutvalet. Forvaltningsrevisor valde sjølv å justere metoden i forvaltningsrevisjonen for å svare ut vedtaket i kontrollutvalet. For å unngå auka kostnader for oppdragsgivar blei planlagde aktivitetar skyvd noko frem i tid for å ta omsyn for den nye situasjonen.

Forvaltningsrevisjonen blei på bakgrunn av arbeid med vedtaka over levert seinare enn det som opphavleg vart planlagt. Samstundes har utsetjinga gjort det mogleg for forvaltningsrevisor å levere forvaltningsrevisjonen med dei endringane som er vedtatt innanfor budsjetttramma av den planlagde revisjonen.

## 1.1 Problemstillingar

På bakgrunn av risiko- og vesentleg-vurderinga i kommunen og den avgrensinga vi foreslo innleiingsvis la vi til grunn at forvaltningsrevisjonen skulle bli gjennomført med følgande problemstillingar:

1. Korleis etterlev teknisk etat kommunen sine reglement?
  - 1.1. Investeringsreglement

- 1.2. Økonomireglement
- 1.3. Habilitetsreglement
2. Korleis er rapporterer eininga om prosjekt, frå start til slutt, i høve til rutinar og retningslinjer?
  - 2.1. Intern prosjektrapportering
  - 2.2. Frå prosjekt til administrasjon
  - 2.3. Til kommunestyret eller anna politisk leiing
3. Blir regelverket om offentlege anskaffingar etterlevd?
  - 3.1. Ved inngåing av kontrakt
  - 3.2. Ved endring av kontrakt
  - 3.3. Ved kontraktsoppfølgning
4. Korleis sikrar eininga kvaliteten i leveransane i høve til rutinar og retningslinjer?
  - 4.1. Før prosjekt
  - 4.2. Under prosjekt
  - 4.3. Etter prosjekt
5. Gjennomførast prosjekt i høve til prosjektplan, og kva område er det eventuelt som blir minst prioritert?
  - 5.1. Tid
  - 5.2. Kvalitet
  - 5.3. Pris

Problemstillingane blei avgrensa til einskilde prosjekt og områder i gjennomgangen ut frå ei vurdering av kva som var vesentleg.

## 1.2 Revisjonskriterier

Til problemstillingane stillet vi opp revisjonskriterier. Revisjonskriterier er dei krav og normer som tilstand og/eller praksis i kommunen blir målt mot. Revisjonskriterier må være aktuelle, relevante og gyldige for kommunen. Sentrale kjelder til å utlede revisjonskriterier var:

- ✓ Kommuneleva med forskrifter
- ✓ Lov om offentlege anskaffingar med forskrifter
- ✓ Forvaltningslova med forskrift
- ✓ Nasjonale rettleiarar for økonomistyring, investeringar og prosjektgjennomføring
- ✓ Kommunalt regelverk

## 1.3 Metode

For å svare på problemstillingane samla vi inn data ved bruk av følgande teknikkar:

- ✓ Dokumentanalyse
- ✓ Intervju
- ✓ Kontroll av enkeltsaker

### 1.3.1 Kontroll av enkeltsaker

I høve vår gjennomgang av enkeltsaker har vi gått gjennom dei avtalene som kontrollutvalet har identifisert særskilt. I tillegg gjorde vi et utdrag av rekneskapen til Teknisk eining på bakgrunn av det siste vedtaket i kontrollutvalet. Her fekk vi eit utdrag på i alt 19.660 linjer i rekneskapen som vi systematiserte for å kunne sjå kva selskap som hadde mottatt utbetalingar frå Aurland kommune. Totalt var det tale om transaksjonar til ein verdi av 99,8 millionar kroner der vi identifiserte i alt 72 mottakarar (med over 100.000 i verdi) for

potensielt utdrag. Etter å ha systematisert mottakarane etter verdi frå lavt til høgt valde vi ut nummer 1, kvar tiande frå 10 til 60, nummer 61, 66 og 72 slik at vi fikk eit utdrag på i alt ti potensielle saker.



## 2. Etterleving av reglement

I gjennomgangen av kommunen sine reglement har forvaltningsrevisor sett på kva som er gjort med reglementa i kommunen og samanstillt det med tilbagemeldingane som dei tilsette har kome med i revisjonen.

### 2.1 Problemstillingar

1. Korleis etterlev teknisk etat kommunen sine reglement?

1.1. Investeringsreglement. 1.2. Økonomireglement. 1.3. Habilitetsreglement

### 2.2 Revisjonskriterier

Problemstillingane syner til kommunen sine eigne reglement som revisjonskriterier.

### 2.3 Reglementa

Aurland kommune sine sentrale reglement som er relevant for denne forvaltningsrevisjonen er delegasjonsreglementet, økonomireglementet, investeringsreglementet og dei etiske retningslinene.

#### 2.3.1 Delegasjonsreglementet

Det følgjer av delegasjonsreglementet i kommunen at «i Aurland gjeld prinsippet om maksimal delegering. Det betyr at mynde vert delegert til lågast nivå innanfor rammer i lovverk og so langt kommunestyret har vedteke.» Vidare er det spesifisert at rådmannen er gjeve fullmakt til å skrive under på avtalar på kommunen sine vegne i saker som i det vesentlege gjeld formuesverdiar. Dersom rådmannen vel å delegere mynde vidare internt i administrasjonen skal delegeringa vere gitt skriftleg.

Av lista med delegeringar som høyrer til delegeringsreglementet går det føre at «Rådmann vert delegert mynde til å signere kontraktar og avtalar i samsvar med politiske vedtak innanfor vedtekte økonomiske rammer.» Kompetansen til rådmannen vil etter denne føresegna i hovudsak verte avgrensa av kommunestyrets vedtak i budsjettsakene.

#### 2.3.2 Ansvar og fullmakter – Teknisk eining

Dokumentet gir ein skriftleg oversikt over fullmaktene som er plassert i Teknisk eining i samsvar med kravet i delegasjonsreglementet. Det er skildra fire nivå knytt til eininga der nivå ein er Rådmannen. Til Rådmannen ligg det å organisere eininga i samsvar med budsjettet.

Nivå to består av tenesteleiar / brannsjef og nestleiar. Disse er ansvarlege for den dagelege drifta i eininga. Det er vidare spesifisert at «Tenesteleiar utøver sine tildelte fullmakter i samsvar med stillingsforklaringa, tenesteerklæring for Teknisk, eininga sin års- og utviklingsplan, kommuneplanen sin handlingsdel, økonomiplan og budsjett.»

Det tredje nivået er arbeidsleiar og prosjektleiar. Arbeidsleiarane har budsjett- og resultatansvar for sin seksjon og «utøver sine tildelte fullmakter i samsvar med stillingsforklaringa, samt seksjonen sine mål og budsjett, godkjent av tenesteleiar/ nestleiar og samsvar med tenesteerklæringa og års- og utviklingsplan til eininga.» Prosjektleiarane disponerer eige budsjett på sitt ansvarsområde, som er skildra i stillingsforklaringa eller kontrakt for innleide prosjektleiarar. I tillegg er det for kvart prosjekt ein

fullmaktstruktur og ein prosjektorganisasjon. Dei prinsipielle avgjerda i prosjekta skal gå til prosjekteigar som i røynda er tenesteleiar eller nestleiar.

Det fjerde og siste nivået er resten. Denne gruppa disponerer «*eitt budsjett med tilhøyrande sjølvstendige ansvarsområde.*»

Det er vidare spesifisert i reglementet at fullmakt til å godkjenne faktura følger av eigne rutinar for fakturagodkjenning. Der er det er gitt fullmakter til namngitte personar.

### 2.3.3 Økonomireglementet

Den sentrale delen frå økonomireglementet for denne forvaltningsrevisjonen er kapittel seks «*Anskaffing av varer og tenester.*». I Denne delen skildrar kommunen korleis ein skal gå frem i alle typar innkjøp og anskaffingar i verksemda. Det overordna målet er å sikre effektiv utnytting av kommunen sine ressursar og sikre at kommunen opptre med integritet for å gi tillit i allmenta om at offentlige anskaffingar skjer på ein samfunnstenleg måte.

Reglementet presiserer og utdjuar reglane om offentlige anskaffingar. Mellom anna er det i kapittel 6.2 syna til at kommunen skal ta omsyn til miljømedvit i samsvar med kommunedelplanen for energi og klima. I 6.3 er det vidare presisert at kommune skal stille «*relevante miljøkrav der det er aktuelt.*»


Det er skildra eit ege underkapittel om strategiske omsyn på anskaffingsområdet der kommunen presiserer at ein ynskjer å vere ein krevjande oppdragsgjevar som er kjenneteikna ved ansvarleg og profesjonell forvaltning av fellesskapet sine ressursar. Vidare står det at:

*«Aurland kommune sin innkjøpspraksis skal, så langt det er mogleg innanfor rammene av lov- og regelverk, prioritere lokalt og regionalt næringsliv og slik bidra til konkurransedyktige lokale/regionale alternativ. Kommunen skal gjennom marknadssdialog og andre verkemiddel stimulere det lokale næringslivet til å kvalifisere seg og/eller etablere samarbeid som kan gjere dei konkurransedyktige i kommunale innkjøpsprosesser.»*

Det er med andre ord lagt klare føringar på at Aurland kommune skal legge til rette for at lokalt næringsliv skal kunne delta i anskaffingar som kommunen lyser ut.

I delkapittel 6.5 har kommunen regulert internt krav om å «*stille krav til arbeidsmiljø og løns - og arbeidsvilkår som sikrar at ILO sine kjernekonvensjonar vert haldne, at menneskerettar ikkje vert brotne og at varer og tenester blir produserte i samsvar med internasjonalt anerkjende standardar for arbeidsforhold og miljøomsyn.*» Det er vidare skildra krav om lærlingeordning der det er relevant, og at kommunen dessutan skal stille krav om løns- og arbeidsvilkår i teneste- og bygge- og anleggskontraktar.

I reglementet er det vidare skildra terskelverdiar og prosesser knytt til desse. Kommunen legg opp til at ein skal lyse ut konkurransar der verdien overstig ein halv million kroner som hovudregel. Sjølve prosessen for ei anskaffing er òg syna med ein pedagogisk modell (Figur 1).



Figur 1: Anskaffingsprosessen i Aurland kommune.

Delkapittel 6.7 inneheld særreglar om anskaffingar i forsyningssektoren. I reglementet er dette definert som «*kontraktar innan vatn - og energiforsyning, transport og posttenester.*» Der gjeld det eigne reglar og

terskelverdiar i samsvar med forsyningsforskrifta. Kommunen har vald å ikkje gi meir detaljerte reglar om denne typen anskaffingar.

Til sist er det i delkapittel 6.8 stilt krav om kompetanse, i 6.9 stilt krav om å nytte konkurransegjennomføringsverktøy og i 6.10 om krav til kontroll av varemottak og leveranse kvalitet.

### 2.3.4 Investeringsreglementet

Administrasjonen har gitt forvaltingsrevisor beskjed om, og syna til dokumentasjon om, at kommunen har gjennomført ein lengre og grundig revisjon av investeringsreglementet. Det er i dag kommunen sitt sentrale reglement for handsaming av midlane på investeringsbudsjettet der det er definert klare samfunns- effekt- og resultatmål.

I kapittel tre er roller, organisering og dokument definert for investeringsprosjekt i kommunen. Rollene kan kort summerast slik:

Prosjektstyre	Formannskapet er finansutval og prosjektstyre for kommunale investeringsprosjekt.
Prosjekteigar	Rådmann er administrativ prosjekteigar for alle byggjeprosjekt, men prosjekteigaransvaret ligg til leiar/nestleiar for utførande eining (Teknisk eining), som prosjekteigar sin representant.
Styringsgruppe	Styringsgruppa skal som eit minimum omfatte einingsleiar for tenestoområde som investeringa ligg til og leiar/nestleiar for utførande eining (PA).
Prosjektleiar	Prosjektleiar er ansvarleg for å planleggja, leia og styra prosjektet sine oppgåver, og for koordinering av prosjektgruppa og andre relevante funksjonar og ressursgrupper.
Prosjektgruppe	Prosjektgruppa representerer Aurland kommune som byggherre og vert leiar av Prosjektleiar(PL) som har det overordna ansvaret for at prosjektet blir gjennomført i samsvar med prosjektmåla.
Prosjekteringsleiar, byggeleiar, SHA-koordinator, YM-koordinator.	Dette kan vere ekstern konsulent eller intern (ingeniør/prosjektleiar).
Grunnervar	Oppgåva er nemnt under oppgåvene til prosjektleiar.
Fagressurs og kontrollingeniør	

Figur 2: Roller i prosjekt i Aurland kommune.

Det er vidare skildra sekt forskjellige styrande dokument for prosjekt i Aurland kommune:

- ✓ Prosjektbestilling
- ✓ Sentralt styringsdokument
- ✓ Kvalitetsplan
- ✓ Plan for Sikkerheit Helse og Arbeidsmiljø (SHA-plan)
- ✓ Plan for ivaretaking av ytre miljø (YM-plan)

## ✓ Sluttrapport

Den vidare skildringa av investeringsprosessen tek utgangspunkt i styring av større prosjekt i staten med konseptvalutgreiing, forprosjekt, porsjektering, gjennomføring og overføring med tilhørande KS1, KS2 og politiske vedtak.

I reglementet er det knytt utløysande krav til når det skal nyttast KS1 og KS2. Terskelen for bruk av KS2 er vesentleg høgare enn for bruk av KS1.

Kva gjeld prosjektrapportering er det i reglementet skildra at:

*«Prosjektleiara rapportera kvar månad til styringsgruppa dersom ikkje anna rapporteringsfrekvens er avtalt. Som regel skal følgjande punkt vera inkludert:*

- *Oppdaterte prognosar for prosjektet sine faser og heile løpetida.*
- *Status på framdrift, kvalitet, økonomi, miljø og SHA.*
- *Kommentarar vedrørande eventuelle avvik mot gjeldande prognose og plan.*
- *Oppdatert risikoblete for prosjektet.*
- *Oppdatert milepælsplan/framdriftsplan i sentralt styringsdokument.»*

Dei andre delane av reglementet er i hovudsak knytt til konkrete krav om finansiering og økonomisk rapportering.

### 2.3.5 Dei etiske retningslinene

Retningslina er generelt bygd opp med fire hovudoverskrifter og under den første, «Gode tenester» er det eit underpunkt om «Lojalitet». I dette underpunktet er det skildra at «tilsette i Aurland kommune må følgje dei retningslinene som gjeld i tillegg til å etterleve pålegg frå overordna.» Det er vidare presisert både at dei tilsette ikkje har plikt til å følgje ulovlege pålegg og at dei tilsette har rapporteringsplikt om høve dei vert kjent med som kan påføre kommunen, tilsette eller omgjevnadene tap eller skade.

## 2.4 Praksis

Kommunen skildrar i intervju med forvaltningsrevisor ein praksis som stemmer med styringsdokumenta i kommunen. Det blir utarbeidd konkurransestrategi i byrjing av anskaffingar. Her syner administrasjonen til at dei einingane og gruppene som skal nyte ein anskaffing blir involvert på eit tideleg stadium. Administrasjonen nyttar gjengse malar frå DFØ (tidlegare DIFI).

Administrasjonen har òg opplyst at dei splittar oppdrag om det er mogleg og tenleg. Dei kan ikkje gjere det på alle kontraktar men det skjer.

Når det gjeld kontrollar har dei eigne retningsline og mal. Administrasjonen arbeider for å ha fast leverandøroppfølging på alle prosjekt i systema og dei har eit uttrykt fokus på det.

Administrasjonen gjennomfører òg evaluering av prosjekta som er gjennomført for å lære. Dei nyttar då mellom anna dokumentasjon dei har fått i sluttrapporten.

Det opplevast ikkje å vere utfordringar knytt til habilitet i anskaffingar i kommunen.



## 2.5 Vurderingar

Forvaltningsrevisor har vurdert reglementa og praksis i kommunen opp mot beste praksis for styring av investeringar i offentlig sektor. Vi har mellom anna sett til erfaring med tilsvarende system i andre kommunar og erfaring vi har med tilsvarende undersøkingar i kommunesektoren.

Det er forvaltningsrevisor sin vurdering at kommunen har eit moderne og godt reglement for styring av investeringar. Basert på forvaltningsrevisor sin erfaring er det i forkant av kva ein ser i mange andre kommunar i Norge i dag.

Det er likevel forvaltningsrevisor sin vurdering at kommunen ikkje bør «Rådmann» og «Kommunedirektør» om kvarandre i styringsdokumenta. Vi oppfattar dette som forvirrande og meiner kommunen bør halde seg med den eine eller den andre tittelen. Mest hensiktsmessig vil det vere om ein i både stillinga og reglementa nyttar same omgrep.

Det er forvaltningsrevisor sin vurdering at praksis som er skildra av administrasjonen synes å bekrefte etterleving av reglementa kommunen har. Som ein vil sjå i kapitla under er det også dokumentasjon i dei einskilde prosjekta som syner at administrasjonen følger opp styringsdokumenta kommunestyret har vedtatt.

# 3. Prosjektrapportering og kvalitetssikring

**I gjennomgangen av dokumentasjonen fann forvaltningsrevisor det høveleg å slå saman undersøkinga av fleire problemstillingar. Både fordi det var nær tilknytning mellom rapportering og kvalitetssikring og fordi dei nye problemstillingane som kom til undervegs gjorde det nødvendig å gjere nokre endringar i analysen.**

## 3.1 Problemstillingar

2. Korleis rapporterer eininga om prosjekt, frå start til slutt, i høve til rutinar og retningslinjer?

2.1. Intern prosjektrapportering. 2.2. Frå prosjekt til administrasjon. 2.3. Til kommunestyret eller anna politisk leing

4. Korleis sikrar eininga kvaliteten i leveransane i høve til rutinar og retningslinjer?

4.1. Før prosjekt. 4.2. Under prosjekt. 4.3. Etter prosjekt

5. Gjennomførast prosjekt i høve til prosjektplan, og kva område er det eventuelt som blir minst prioritert?

5.1. Tid. 5.2. Kvalitet. 5.3. Pris

## 3.2 Revisjonskriterier

I dette høvet er det kommunestyret sitt vedtak i investeringsreglementet som er revisjonskriterium. Som syna til i kapittelet over er krava i investeringsreglementet at:

*«Prosjektleiara rapportera kvar månad til styringsgruppa dersom ikkje anna rapporteringsfrekvens er avtalt. Som regel skal følgjande punkt vera inkludert:*

- *Oppdaterte prognosar for prosjektet sine faser og heile løpetida.*
- *Status på framdrift, kvalitet, økonomi, miljø og SHA.*
- *Kommentarar vedrørande eventuelle avvik mot gjeldande prognose og plan.*
- *Oppdatert risikobilette for prosjektet.*
- *Oppdatert milepælsplan/framdriftsplan i sentralt styringsdokument.»*

Det er òg skilt til lov om offentlege anskaffingar med forskrifter der det er krav om at offentlege oppdragsgjeverar skal følgje opp arbeidshøva ved byggeplassar.

### 3.3 Dokumentasjon

I gjennomgang av dokumentasjon om kvalitetsplanlegging har eininga syna til planleggings- og anbudsdokumentasjon som synar at det vert stilt klare kvalitetskrav til leverandørane om det produktet som skal leverast.

I gjennomgangen av praksis for rapportering har vi gått gjennom dokumentasjon frå fem prosjekt. Blant dokumenta vi har fått er det:

- ✓ Kvalitetsplanar
- ✓ Framdriftsplanar
- ✓ Statusrapportar
- ✓ Bemanningslister
- ✓ Referat frå byggemøter
- ✓ Vernerunde, HMS

Kvalitetsplanane syner dokumentstyring, møteverksemd, anskaffinga, kvalitetsleiinga, HMS og miljø i prosjektet.

Framdriftsplanen syner einskilde deler av prosjekta og i kva veke ein har planlagt å gjennomføre dei.

Statusrapportane inneheld ein vurdering av økonomien i prosjektet kor det kjem frem om det er forventa avvik. Det er òg syna til kva arbeid som er gjort sidan sist statusrapport.

Bemanningsplan syner kva personell som nyttast på prosjektet til kva aktivitet og med kva type løn.

Byggemøta er referatført på ein måte som syner tydelig kva som er utviklinga i kvar sak som blir tatt opp. Det er mogleg å følge utviklinga og det er tydelig kva som blir diskutert frå møte til møte.

Vernerunde og HMS syner korleis kommunen følger opp leverandørane på byggeplassen. Det er syna til dokumenterte synfaringar.

Blant dokumentasjonen som er forvaltningsrevisor har gått gjennom er det òg sluttrapportar som syner at kommunen gjennomgår sluttleveransane for å sikre at dei har den kvaliteten som kommune har tinga.

### 3.4 Praksis

Teknisk gjennomfører utgreiing av kva anskaffingar ein treng i samarbeid med brukarane i kommunen der det er nødvendig. På den måten sikrar eininga at anskaffinga skjer i samsvar med behov og føremål.

Teknisk rapporterer til administrativ leiing fire gangar i året. Det er satt opp faste datoar for rapporteringa. I rapporteringa lagar teknisk statusrapportar på prosjekta. Rådmann og tenesteleiar er sett opp som mottakarar av rapportane i systemet. Ved behov vert statusrapport også meldt opp som referatsak i Formannskapet. I enkelte prosjekt legg eininga òg til tenesteleiar på det aktuelle området som mottakar av rapportane.

Einingsleiar rapporterer i strategisk leiargruppe (leiargruppa rundt rådmannen) som mellom anna drøftar pågåande prosjekt og strategiske planar. Det er også eit leiarforum kor alle tenesteleiarar deltek og eininga kan gjerne rapportere på status og prosjektgjennomføringa der. Strategisk leiargruppe og leiarforum er dei etablerte fora for intern koordinering.

Teknisk rapporterer til politisk leiing via tertialrapportar og årsmelding. Det finst ein årsplan for rapporteringa til formannskapet, som har det økonomiske ansvaret for prosjekta, med datoar kor eininga skal legge fram framlegg med rapportering på pågåande prosjekt. Det er utarbeid ei eiga rutine for rapportering til formannskapet.

Ved overtaking av prosjekt blir det gjennomført synfaringar ved overtaking og ved dei vanlige intervalla for bygningar.

### 3.5 Vurdering

Forvaltningsrevisor har vurdert problemstilling to og fire i høve dei dokumenta som er lagt frem og informasjon vi har fått i intervju. Vi har vurdert om det er samsvar mellom krava kommunestyret har stilt og praksis i eininga. Vi har vurdert om det i høve vår erfaring frå tilsvarande undersøkingar er gjort eit tilstrekkeleg arbeide for å sikre kvaliteten i leveransane. På grunn av endringar i prosjektplanen undervegs er ikkje problemstilling fem vurdert.

Det er forvaltningsrevisor sin vurdering at kommunen har eit godt system for oppfølging og rapportering i prosjekta. Informasjon som kommunen treng om prosjekta synes å kome frem til rett stad i kommunen og det er sporbare liner gjennom heile rapporteringa.

Det er forvaltningsrevisor sin vurdering at kommunen har eit godt system for kvalitetssikring av leveransane til kommunen frå planlegging til levering.

Det er forvaltningsrevisor sin vurdering at systemet som kommunen har for rapportering og kvalitetssikring blir etterlevd i praksis av administrasjonen.



# 4. Offentlege anskaffingar

**Gjennomgangen av offentlige anskaffingar har i hovudsak basert seg på ei omfattande mengde dokumenter frå kommunen. På grunn av dei meldingane som har kome frå kontrollutvalet til forvaltningsrevisor undervegs har fokus blir på eit overordna plan med omsyn på konkurranseformålet i lov om offentlige anskaffingar og oversyn over kommunen sitt avtaleverk.**

## 4.1 Problemstillingar

3. Blir regelverket om offentlege anskaffingar etterlevd?

3.1. Ved inngåing av kontrakt. 3.2. Ved endring av kontrakt. 3.3. Ved kontraktsoppfølging

I tillegg til dei opphavlege problemstillingane har forvaltningsrevisor undersøkt:

- ✓ Anbudsprosessen for Ty bustadfelt
- ✓ Rammene for den såkalla grønt-avtala

På bakgrunn av tilbakemeldinga forvaltningsrevisor fekk frå kontrollutvalet om grønt-avtala blei det òg gjort eit utplukk av utbetalingar i eininga for å identifisere utbetalingar som igjen har vore gjenstand for nærare undersøking.

## 4.2 Revisjonskriterier

Som revisjonskriterier er det her nytta lov om offentlige anskaffingar med forskrift. Det er både syna til lova og forskrifta som gjeld i dag og tidligare lover og forskrifter.

Regelverket om offentlige anskaffingar har som føremål å sikre at det er moglegheit for reell konkurranse mellom alternative tilbydarar når det offentlige skal gjere tiltak. Det har vært ei målsetnad i denne forvaltningsrevisjonen å undersøke korleis kommunen lev opp til det føremålet òg der ein i utgangspunktet ikkje er i konflikt med eit einskild føresegn i lov eller forskrift.

## 4.3 Saksgjennomgang

### 4.3.1 Avtale om grunnkurs for deltidstilsette brannmannskap

Anskaffing av grunnkurs for deltidstilsette brannmannskap var ein av avtalene forvaltningsrevisor blei beden om å undersøke. Avtalen det gjeld blei inngått i 2017 og er på NOK 57.700,-. Avtala fell difor ikkje inn under anskaffingsforskrifta. Avtalen er inngått med ein lokal leverandør i Aurland kommune.

### 4.3.2 Anbudsprosessen for Ty bustadfelt

Anbudsprosessen det er syna til i kontrollutvalet sitt vedtak i sak 5/22 gjeld anskaffing av VVA-anlegg for Ty bustadfelt. Administrasjonen har lagt frem dokumentasjon på at det er tale om anskaffingar som er direkte knytt til etablering av drikkevatt i bustadfeltet.

Kommunen har utarbeidd ein anskaffingsstrategi for denne anskaffinga. I strategien er det gjort ei grunngjeving for anskaffingsmetode. Der står det at:

«Aurland kommune praktiserer reglane i forsyningsforskrifta når det det gjeld oppdrag knyta til gjennomføring av vass og avløpsanlegg. Ved å etterspørre tilbod frå 3- 6 leverandørar som har sentral godkjenning for området innan VA, sikrar me konkurranseutsetting av denne type oppdrag med bruk av leverandørar som har tidlegare har dokumentert både gjennomføringsevne og kapasitet til å levere innan tidsfristar. Grunnlag for krav ligg i den kommunale VA-normen av 2016.»

I eit av anbudsdocumenta er det syna til at konkurransen er kunngjort i Doffin. I eit anna dokument er det presisert at dette ikkje er tilfellet men at det var seks potensielle leverandørar som fekk invitasjon til å delta. Kommunen har dokumentert heile anbudsprosessen frå strategi til val av leverandør. Med atterhald om at forvaltningsrevisor ikkje har gjennomgått dei fagtekniske sidene av anbodet synes det som om arbeidet som skulle gjerast vart godt dokumentert i prosessen og at dei seks selskapa som vart invitert inn i anbudsprosessen hadde føresetnadene for å forstå kva arbeid som skulle gjerast.

Tre av dei inviterte tilbyderane var med på anbodssynfaring med kommunen 31. januar 2022. Dei same tre tilbyderane har alle levert tilbod på oppdraget. Tildelingsprotokollen syner at kommunen har vald leverandør ut frå objektive kriterier.

### 4.3.3 Grønt-avtala

